

Tabell A-fk

Utgiftsutjamninga o.a. for fylkeskommunane 2022

Tabellen viser utgiftsutjamninga for fylkeskommunane. Utjamninga er ei omfordeling mellom fylkeskommunar som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (bereksna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (bereksna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er bereksna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2021.

Kolonne 1 – Indeks for bereksna utgiftsbehov

Utrekninga av indeksen for bereksna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit bereksna utgiftsbehov likt med landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit bereksna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent høgare og 10 prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg bereksna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2022 er på landsbasis bereksna til om lag 67,561 mrd. kroner. Dette utgjer 12 507 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Bereksna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg bereksna utgiftsbehov på landsbasis (kolonne 2) multiplisert med indeks for bereksna utgiftsbehov (kolonne 1) for kvar fylkeskommune og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4 og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1 000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kolonne 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2021 (tabell E-fk, kolonne 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiringsteksten i Grønt hefte for ein nærare gjennomgang av denne ordninga. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2020 og 1. april 2021 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Elevtala ligg i tabell E-fk i kolonne 18–21.

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2022.

Treksatsane per elev for 2022:	
Vanleg undervisning	119 000
Gartner- og landbrukskular	145 000
Spesialskular	329 100
Opphald/innlosjering ved skulen	347 700

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einskilde fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordelinga for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.